



BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700
5020 BERGEN
Att.Byrådsavdeling for eldre, helse og frivillighet
v/leiar

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anne Marte Sæle, 5557 2176

U.offl. offl. § 13, jf. fvl. § 13

Oversending av sak for gjennomgang i tenesta - avlastningstilbod til barn og unge under 18 år

Statsforvaltaren har gjennom behandling av fleire klagesaker frå Bergen kommune, sett at kommunen ikkje organiserer avlastningstilbodet til barn og unge under 18 år i tråd med lovkrava. Vi viser til fleire klagesaker der vi har oppheva eller omgjort kommunens vedtak om avlastning til barn og unge under 18 år i 2023, og sist i tilsynssak med vårt saksnummer 23/3768, der vi varsla at vi vil følgje opp kommunens praksis for avlastningstilbod til barn og unge som eiga tilsynssak.

Statsforvaltaren startar difor tilsynssak med Bergen kommune når det gjeld avlastningstilbod til barn og unge under 18 år. Vi meiner det er best kommunen sjølv handsamar saka som ledd i arbeidet med å gjere tenestene betre. Vi vil følgje opp kvalitetsarbeidet i kommunen.

Vi ber om at de gjennomgår og evaluerer dykkar organisering av avlastningstilboden til barn og unge under 18 år.

Vi ber om at de:

- identifiserer kva forhold som har medverka til den praksisen de har når det gjeld manglande utmåling av avlastning, manglande iverksetting av tildelte vedtak og manglande utmåling av kompenserande tiltak med avlastande effekt i venteperiode.
- vurderer om endringar er naudsynt for å betre pasienttryggleiken og i så fall:
 - gjer greie for endringar som de vil gjere, og skildre dei konkrete tiltaka
 - gjer greie for korleis leiinga følgjer med på at endringar blir iverksett, at tiltaka fungerer og at praksis blir endra
- dersom de kjem til at det ikkje er naudsynt å gjere endringar, ber vi om ei nærmare grunngjeving

Opplysningar som de skal sende til Statsforvaltaren:

- tilbakemelding innan **to månader** med resultatet etter gjennomgangen av saka. Det skal gå fram av denne om, og i tilfelle kva, som blir gjort for å betre kvaliteten og tryggleiken i tenesta. Vi ber også om å få informasjon om kopi av møtereferat og andre relevante dokument i saka.



Vi vil gjennomgå tilbakemeldinga og informere om vidare oppfølging frå vår side, alternativt at Statsforvaltaren kan avslutte saka.

Informasjonsmøte

Vi vil informere om tilsynssaka og våre forventningar til dykk i eit møte 05.12.2023 kl. 10-11 i våre lokale i Motorhallen i Solheimsviken 13. Her vil de også kunne stille spørsmål til prosessen. Frå Statsforvaltaren møter fylkeslege Sjur Lehmann, ass. seksjonsleiar Arne Erstad og seniorrådgjevarar Anne Marte Sæle.

Vi ber om at de peiker ut ein kontaktperson, med god kjennskap til verksemda, og melder tilbake innan 29.11.2023 kven som vil delta i møtet frå dykk, og e-post adressene til dei aktuelle. Dersom møtetidspunktet ikkje passar ber vi om at de tek kontakt med vår kontaktperson per telefon for å avtale eit nytt tidspunkt.

Vår kontaktperson

Juridisk sakshandsamar/ seniorrådgjevar Anne Marte Sæle med telefonnummer 55 57 21 76 og e-post adresse anne.sale@statsforvalteren.no.

Vi vil ikkje ha opplysningar som er underlagt reglane om teieplikt i e-post.

Med helsing

Arne Erstad
ass. seksjonsleiar

Anne Marte Sæle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent